



# REGLAR FOR BRUK AV IPAD

## Generelt om bruk

- Det er læraren som definerer når og kor iPaden skal brukast
- iPaden er skulen sin eigedom og skal behandlast etter dei reglar for bruk som skulen definerer
- iPaden skal alltid vere inne i beskyttelsesdekslet anten du er på skulen eller heime
- iPaden skal ikkje lånast ut til andre (ei heller foreldre eller sysken)
- iPaden skal alltid vere tilstrekkeleg opplada ved starten av skuledagen (minimum 60% batteri)
- Det er ikkje lov å laste opp eigne appar på iPaden.
- Det er aldri lov å ete eller drikke med iPaden på same pult/bord.
- Det er aldri lov å ta bilete/video av medelevar/tilsette utan samtykke frå lærar og den/dei det vert teke bilde/video av. Bilde/video skal berre brukast I samband med undervisning.
- Når iPaden ikkje er i bruk i undervisninga, skal den liggje i sekken, også i SFO-tida.
- Det er ikkje lov å spele spel på ipaden i skuletida eller på SFO.

## Bruksområder

- iPaden skal berre brukast til skulearbeid i skuletida.
- iPaden kan ikkje brukast i friminutt eller i SFO-tid med unntak av leksehjelp.
- iPaden skal alltid liggje i sekken på veg til og frå skulen.

## Internett

- Det er aldri lov å gå på internett utan at læraren har samtykka til det.
- Det er berre lov å gå til nettstader som har med skulearbeidet å gjere. Det gjeld både når ein er på skulen og heime.

## Konsekvenser ved brot på reglane

- Det vil ikkje bli gitt varsel ved evt. brot på desse reglane
- iPaden vil bli inndratt med ein gong ved regelbrot og må hentast av føresette
- Den enkelte elev sin iPad kan bli blokkert for nettilgang
- Installerte appar kan bli sletta utan varsel
- Eleven kan miste høve til å ta med seg iPaden heim for kortare eller lengre periodar

Svarslipp \_\_\_\_\_

Underskrift frå elev:.....

Klasse:.....

Underskrift frå føresett:.....

iPad-kode:.....